



Notat

Dato: 06.03.2015
Arkivsak: 2014/17501-29
Saksbehandlar: HOGHAKT

Til:	Kontrollutvalet i Austevoll kommune
Frå:	Hogne Haktorson

Vedr. prisjustering for sekretariatstenester

Viser til referat frå møte 02.02.15., sak RS 4/15

- «Brev vedr. prisjustering for sekretariatstenester Austevoll kommune. Revisor tok opp spørsmål om dette er ein lovleg prisauke, og om den er heimla i avtalen. Sekretariatet undersøker dette spørsmålet til neste møte og kjem med tilbakemelding då.»

Prisprinsipp om å få dekkja reelle kostnader.

Sekretariatet har hatt størst fokus på avtale gjeldande frå 01.01.2008, pkt. 4 pris, første avsnitt, der det bl.a. står at «Timeprisen er berekna slik at den **skal dekke dei kostnader som sekretariatet har med å levere tenester til kommunen**».

Prisprinsipp om konsumprisregulering.

Samstunder er det i neste avsnitt i avtalen lagt opp til regulering ift. Statistisk Sentralbyrå sin indeks for «Andre tenester med arbeidsløn som dominerande prislektor»

Ubalanse mellom to prisprinsipp.

- Ubalanse oppstår når konsumprisauke over tid, ikkje er tilstrekkeleg for å dekkja dei reelle kostnadene.
- Reelle kostnader vart dekkja ved inngåing av avtale, men det er etterkvart ein del år sidan.
- Det var tenkt at reelle kostnader også skulle verta dekkja dei komande åra, med bruk av konsumprisregulering, jmf. pkt. 4, andre avsnitt.
- Ny berekning pr. 01.01.15., syner at så ikkje er tilfelle.
- Derfor vart det bede om prisauke, slik at kostnadene framleis er dekkja, utan at det finn stad noko kryss-subsidiering. Det var derimot ikkje snakk om noko særleg stor regulering.
- Me ser ikkje bort frå at det burde vore ført forhandlingar, før ny pris vart gjort gjeldande.

Vegen vidare.

- Austevoll kommune har sagt opp kontrakten med HFK, med verknad fom. 01.01.16.
- Sidan me er på slutten av avtaleperiode, vel HFK å kun gjera konsumprisauke jmf. avtalen gjeldande for heile 2015.
- HFK kan tilby ein kontrakt med oppdatering om pris og reguleringsklausul pr. 01.01.16., dersom Austevoll kommune ønskjer å fortsetta sekretariatsamarbeidet med HFK.